

## Tenesterapportering pr mars 2015 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Teneneste-område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.03.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
10 POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 193	5 247	11 946	31	17 193	-	Forbruket på 30,5% kan synest noko høgt, men det er innbetalt kr 451.000 på person- og yrkesskade, i tillegg til at området er blitt belasta porto som skal fordelast. Alle lønspostar har normalt forbruk. Det kan elles vere usikre moment i høve avvikling av Kommune- og fylkestingsvalet, t.d. når det gjeld godtgjersle til røystestyra (nytt system). Det er også grunn til å tru at utgifter til utskrift/kopiering vil bli større enn forventa, dette med bakgrunn i den profilen som er vald på dei nye maskinane i fellesprosjektet i regionen m.o.t. førehandsstipulert forbruk. (Dette vil gjelde for alle tenesteområde) Målet er likevel at område 10 skal gå i balanse.
11 ØKONOMI-KONTOR	8 539	2 254	6 285	26	8 539	-	Økonomikontoret reknar med å kome ut innanfor ramma for 2015.
12 ØKONOMI / FINANS	-404 000	-110 641	-293 359	27	-404 000	-	Skatteinngongen ser ut til å vert kr 300.000,- lågare enn enstimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015. Avventer likevel å melda forventa avvik, då ein må vurdere dette opp mot evt. innsparing på andre postar.
13 INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 020	4 952	8 068	38	13 020	-	Ingen forventa avvik så langt.
14 RÅDGJEVAR-TENESTE	9 182	1 399	7 783	15	9 182	-	Ingen forventa avvik så langt.
15 Private barnehagar	74 291	16 594	57 698	22	74 291	-	Høyt forbruk hittil i år grunna utbetalt akonto for 1. kvartal. Ingen forventa avvik så langt.
19 PPT og Vaksen-opplæringa	3 484	895	2 589	26	3 484	-	Ingen forventa avvik så langt.
20 Kommunal Barnehage-drift	6 120	1 529	4 591	25	6 120	-	Ingen forventa avvik så langt.
21 GRASDAL SKULE/SFO	10 764	2 964	7 800	28	10 764	-	Ingen forventa avvik så langt. Vi må arbeide meir med kostnadsnivået i SFO. Det er venta 20 nye barn frå august og vi har lagt inn 50% auke i assistentstilling i budsjettet. Asdsisten tilsett fram til sommeren for å avhjelpe i klasse med utfordringar.
23 MELAND UNG.SKULE	16 511	4 362	12 149	26	16 511	-	Ingen forventa avvik så langt.
24 ROSSLAND SKULE /SFO	22 733	6 196	16 537	27	22 733	-	Rekneskapan så langt ihht budsjett, men ser auka behov for spesialpedagog og assistent ut over det som er budsjettert for. Nærare vurdering av budsjettkonsekvensar vert vurdert i samband med budsjettrevisjon seinare i år

Teneneste- område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.03.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
25 SAGSTAD SKULE/SFO	26 220	6 984	19 236	27	26 506	-286	Ingen avvik så langt. Skulen har budsjettrammer til tre 1. klasser neste skuleår. Vi har pr. i dag 62 elevar som skal starte i 1. klasse. Av dei skal 32 ha nynorsk og 30 bokmål. Vi må derfor ha 4 klassar neste år. Foreløpig berekning tilseier at vi treng ei 80% lærarstilling og 50% assistent ut over budsjettramma frå hausten 2015. Førebels reknar vi med at dette vil koste kr 286.000,- meir enn budsjettert, men må sjåast nærare på før endelig avgjerd om tilsetjing.
26 VESTBYGD SKULE/SFO	14 115	3 915	10 200	28	14 115	-	Ingen forventa avvik så langt. Har likevel auka behov for timar til elevar med spesielle behov; både i dagens drift og frå hausten 2015. Det vert svært krevjande å dekke dette innanfor noverande ramme.
30 HELSE	23 980	5 472	18 508	23	23 980	-	Ingen opplysninger som tilsier vesentlige avvik fra samlet budsjett. Kommunal medfinansiering av sykehus er avvikla, og gir forhåpentlig bedre forutsigbarhet.
35 SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 801	2 839	8 962	24	11 801	-	Ingen forventa avvik så langt.
36 BARNEVERN	9 297	2 071	7 226	22	9 297	-	Budsjettramma ser ut til å kunne bli knapp i år grunna nye komplekse saker som er kome opp. Må koma tilbake til dette når vi har betre oversyn over situasjonen og forventa utvikling framover i året.
37 MELAND SJUKEHEIM	38 011	8 383	29 627	22	38 011	-	Det er frå nyttår 38 plassar ved Meland Sjukeheim, men sidan nyttår har det vore overbelegg 2-3 pasientar på korttidsavdelinga. Totalt opptil 41 pasientar. Langtidsavdelinga har auka pasienttalet frå 17 til 18 pasientar. Samla sett ligg ein godt innanfor budsjettetramma. Dei neste månadane vert det ein del utgifter til diverse utstyr osv og nye tilsette vil starta opp i vakante stillingar. I mars har det og vore ein utfordrande situasjon på grunn av stort sjukefråvær i natt-tenesta. Her arbeider ein med å få inn tilstekteleg fagkompetanse som vikarar og har måtta bruke vikarbyrå for å få dekke ein del vakter.
38 MELAND HEIME- TENESTER	57 722	12 470	45 252	22	57 722	-	Samla sett er forbruket godt innanfor budsjettetramma og det ein kan forvente etter tre mnd. Vi har fortsatt vakante stillingar, men ekstra forbruk av personell 16t kvar helg. Mykje overtid, sum hittil kr 450000. Svært travle dagar, og vi har problem med å klare å utføre oppdrag etter gjeldande vedtak som pasientane har. Talet på registrerte avvik som gjeld oppfølging av pasientane har auka mykje dei siste 3 mnd. Vi har mindre tilgang på vikarar enn tidlegare, og vurderar tiltak for å auke grunnbemanninga.

Teneneste- område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.03.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
50 KULTUR- KONTOR	7 630	1 256	6 374	17	7 630	-	Ingen forventa avvik så langt.
60 PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL- TEKNIKK	27 987	4 142	23 845	15	27 987	-	<p>Såpass tidleg på året er det vanskeleg å spå utviklinga, men det er til no ikkje avdekka vesentlege avvik når det gjeld utgifter. På inntektssida er gebyrinntektene svakare enn budsjettet, utan at det er grunn for å slå alarm enno. For husleigeinntektene sin del, er budsjettet for 2014 vidareført. Dette er for høgt, inntektene kjem truleg til å vere rundt 850 000,- mindre enn budsjettet.</p> <p>Prosentvis høgare forbruk enn periodiseringa tilseier; det kjem normalt av at ein del årsavgifter / halvårsavgifter er betalt. For vatn- og avlaup sin del er den første avgiftsterminen fakturert ut.</p> <p>Det kjem elles konsulentkostnader til førebuing av aggregat på sjukeheimen, omlag kr 150 000,-.</p> <p>Så langt reknar ein med å kunne dekke desse ekstrakostn. innanfor ramma, men det er ein viss usikkerhet knytt til inntektene i budsjettet.</p>
<b>Resultat/ avsetn. til disp.fond</b>	<b>-5 400</b>	<b>-16 719</b>	<b>11 319</b>		<b>-5 114</b>	<b>-286</b>	<b>Budsjettet med overskot / avsetn. til disp. fond for 2014 på kr 5,4 mill. Førebels forventa budsjettavvik på Sagstad skule og usikkerhet knytt til skatteinntekter (og skatteutjamning). Skulane og barnevernet melder elles om utfordringar med å halde seg innanfor rammene, og mogeleg inntekssvikt på PUK.</b>